



ULSTEIN KOMMUNE




# TRAFIKKTRYGGINGS- PLAN 2023–2027



ULSTEIN  
– *der baug bryt bære*

# INNHALD

1.	Bakgrunn for planen.....	<a href="#">Side 3</a>
2.	Korleis vi skal arbeide med trafikktrygging.....	<a href="#">Side 4</a>
2.1.	Berekraftig utvikling.....	<a href="#">Side 5</a>
2.2.	Samskaping.....	<a href="#">Side 6</a>
2.3.	Medverknad.....	<a href="#">Side 7</a>
2.4.	Inkluderande samfunn.....	<a href="#">Side 8</a>
2.5.	Tidleg innsats.....	<a href="#">Side 8</a>
3.	Målområde.....	<a href="#">Side 9</a>
4.	Situasjonsbilde i Ulstein.....	<a href="#">Side 9</a>
5.	Prioriteringsliste tiltak på veg for denne planperioden.....	<a href="#">Side 10</a>
5.1.	Tiltaksliste.....	<a href="#">Side 10</a>
5.2.	Tiltak fylkesvegar.....	<a href="#">Side 11</a>
6.	Haldningsskapande arbeid.....	<a href="#">Side 12</a>
7.	Sluttord.....	<a href="#">Side 14</a>
8.	Føringar.....	<a href="#">Side 15</a>
9.1.	Statlege føringar.....	<a href="#">Side 15</a>
9.2.	Kommunale føringar.....	<a href="#">Side 15</a>
9.	Oversikt over vedlegg.....	<a href="#">Side 15</a>



# 1. BAKGRUNN

Trafikktryggingssplanen i Ulstein er formelt behandla som ein kommunedelplan. Ulstein formannskap er overordna planutval og såleis styringsgruppe for planen.

Intensjonen med trafikktryggingssplanen er å få oversikt over situasjonen i Ulstein kommune med tanke på trafikkulykker og tryggingstiltak. Dessutan er det viktig å få til ein samordna og målretta innsats frå alle sektorar og samar-

beidspartnarar i kommunen, og å avklare ansvarsforhold mellom dei ulike aktørane.

Planen er også ein fordel for statleg og fylkeskommunal stønad til planlegging og gjennomføring av tiltak for sikring av skuleveggar langs kommunale veggar og fylkesveggar.

Ved administrativt vedtak sette kommunedirektøren ned ei administrativ prosjektgruppe med ansvar for å førebu og utarbeide utkast til trafikktryggingssplan i Ulstein, i samsvar med dei krava som var sett frå sentrale styresmakter.

## Prosjektgruppa har vore:

- Arne Runar Vik, kommunalsjef teknisk
- Odd Kåre Wiik, avdelingsleiar drift og anlegg
- Sissel Hasund, rådgjevar oppvekst\*
- Cecilie Roppen, planleggar
- Vegard Ertesvåg, ingeniør
- Jørgen Hageselle, avdelingsleiar drift og anlegg\*\*

\* Tok over etter skulesjef Vegard Sæter Gurskevik som slutta i august 2022

\*\* frå desember 2022



## 2. KORLEIS ARBEIDE

Historisk sett har teknisk etat hatt hovudansvar for fagfeltet trafikktryggleik i kommunen, gjennom utforming av kommuneplanar, detaljregulering og drift og vedlikehald av kommunale vegar. Dei seinare åra har det vorte fokus på tverrfagleg arbeid, og trafikktryggleik er absolutt eit felt som går på tvers av sektorar og som må omfamnast av alle, både internt og eksternt.

Trafikktryggingarbeid er ein viktig del av det førebyggjande folkehelsearbeidet i lokalmiljøet, og vedkjem alle innbyggjarar og tilsette i kommunen, fordi vi alle er trafikantar. For å sikre at trafikktrygging har heilskapleg fokus og vert ein del av kvardagen, er det viktig med gode haldningar og rutinar.

Arbeidet med å skape desse gode haldningane må starte allereie i barnehagen og halde fram i skulen, med gode rutinar for trafikkopplæring på turar både til fots, på sykkel, i bil og buss.

Trafikktrygging må vere ein naturleg del av kommunen sitt arbeid med helse, miljø og sikkerheit (HMS). Mange tilsette i Ulstein kommune nyttar bilen i arbeidet sitt. Risiko i trafikken kan medføre personskadar, langtidsfråvær, og i verste fall tap av liv.

Kommunen skal framleis sørge for at trafikktryggleik vert i vareteke gjennom arealforvaltninga i kommunen. I kommuneplanarbeidet, i detaljregulering og ved byggesakshandsaming skal gode trafikkløysingar vere prioritert.

Ved innkjøp av transporttenester, som til dømes skulekyss, bør trafikktryggleik verte vurdert og vere eit punkt i avtalar som vert inngått.

Kommunen er eigar av eit stort vegnett. Desse må haldest ved like og driftast mellom anna med fokus på trafikktryggleik.

### Arbeidsprinsipp:

- **Berekraftig utvikling:** Alt vi gjer skal vere berekraftig på kort og lang sikt.
- **Samskaping:** Vi skal bygge nye partnerskap og samarbeidsmodellar.
- **Medverknad:** Alle skal få høve til å seie meininga si.
- **Inkluderande samfunn:** Vi skal bygge eit samfunn med plass til alle, der alle kjenner at dei høyrer til.
- **Tidleg innsats:** Vi skal avdekke utfordringar og sette inn rett og nok innsats så tidleg som mogleg.



# 2.1 Berekraft

Berekraftsmåla til FN skal ligge til grunn for alt arbeidet kommunen gjer. Måla som vert trekt fram her er dei som er mest relevante i arbeidet med trafikktryggingssplanen.

## **BEREKRAFTSMÅL 3: GOD HELSE OG LIVSKVALITET**

Delmål 6: Innan 2020 halvere talet på dødsfall og skadar i verda, forårsaka av trafikkulykker.

## **BEREKRAFTSMÅL 9: INDUSTRI, INNOVASJON OG INFRASTRUKTUR**


Delmål 9.1: Utvikle påliteleg, berekraftig og solid infrastruktur av høg kvalitet for å støtte økonomisk utvikling og livskvalitet – fokus på pris og tilgang.

Delmål 9.4: Oppgradere infrastruktur og omstille næringslivet til å verte meir berekraftig.

## **BEREKRAFTSMÅL 11: BEREKRAFTIGE BYAR OG LOKALSAMFUNN**

Delmål 2: Innan 2030 sørge for at alle har tilgang til trygge, lett tilgjengelege og berekraftige transportstystem til overkomeleg pris, og betre sikkerheita på vegane, særleg gjennom utbygging av offentleg transport, og med særleg vekt på behova til personar i utsette situasjonar; kvinner, barn, personar med nedsett funksjonsecne, og eldre.

## **BEREKRAFTSMÅL 17: SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLA**



Mobilitetspyramiden viser ein målte Ulstein kommune skal jobbe for berekraftig mobilitet.  
Illustrasjon: Asplan Viak

## 2.2. Samskaping

Trafikktryggleik er eit felles ansvar for heile kommuneorganisasjonen og lokalsamfunnet. Like mykje som det handlar om snømoking av vegar og fortau, handlar det om at bilistar held fartsgrensa eller at ein turgåar tek på seg refleks ein mørk haustkveld.

Mange av dei tilsette er mykje ute i trafikken som bilistar,

til dømes heimesjuketenesta, feiarane og uteseksjonen. Andre igjen reiser til møte, på konferansar og liknande.

Kommunen må syte for å ha eit godt samarbeid med aktørar utanfor kommunesektoren, som politiet, Statens vegvesen, Trygg trafikk og Møre og Romsdal fylkeskommune. Kommunen er også medlem i Sykkelnettverket.

### TRAFIKKSIKKER KOMMUNE

Trygg trafikk har ei godkjenningsordning som heiter [Trafikksikker kommune](#). For å oppnå denne godkjenninga må kommunen tilfredsstille ei rekke krav i dei ulike sektorane, som til dømes barnehage, kultur, skule, teknisk og kommuneoverlege.

Det er eit mål for Ulstein å oppnå denne godkjenninga i planperioden.



### HJARTESONE – TRYGGARE SKULEVEG

[Hjartesone](#) er eit tiltak starta av Trygg trafikk. Prosjektet har utvikla seg til å verte eit viktig verkøy for å betre trafikktryggleiken rundt skulane.

Målet er at fleire barn skal sykle og gå trygt til skulen. Hjartesona og tiltaka vert tilpassa trafikken og forholda ved den enkelte skule.

Lokalt vert det utforma felles reglar og tiltak som bidreg til mindre foreldrekøyring i nærområdet til skulen.

Erfaringar syner at resultatet vert best der foreldre (FAU), skuleleiing og kommunen, saman ser behovet for, og tek eigarskap til hjartesona.



## 2.3. Medverknad

Alle skal ha høve til å delta i utviklinga av samfunnet vi lever i, og alle skal føle seg sett og høyr. At menneske får delta aktivt til fellesskapet ut frå egne ressursar og føresetnader er med på å skape ei kjensle av identitet og det å høyre til. Medverknad og dialog styrker lokaldemokratiet, vi får betre avgjerder, betre tenester til brukarane og det er ein viktig del av samskapingssprinsippet.

Trafikktryggingsplanen er ein av dei planane som engasjerer flest innbyggjarar i kommunen. Det kjem mange innspel ved rullering av planen, men også utanom rullering.

Ved førre rullering vart det gjennomført barnetrakk-

registrering på alle barneskular og ungdomsskulen i Ulstein. Dette arbeidet har vi hatt god nytte av, spesielt i plan- og byggesaker. Det har difor vorte gjennomført ei ny barnetrakkregistrering for 6., 7. og 9. trinn i samband med denne rulleringa av trafikktryggingsplanen (sjå vedlegg).

Det er halde workshop med ungdomsrådet, og prosjektgruppa var representert på tryggleiksvandring i Ulsteinvik sentrum, initiert av SLT-koordinator. SLT er ei forkorting for samordning av lokale rus- og kriminalitetsforebyggande tiltak.



### **BARNETRÅKK**

[Barnetrakk](#) er eit digitalt verktøy for medverknad som let barna sjølv, ved hjelp av digitale kart, fortelje korleis dei bruker nærmiljøet sitt – kva område dei bruker, kva dei gjer og korleis areala fungerer for dei. Det resulterer i kart som kommunen og andre aktørar kan bruke direkte i sitt plangrunnlag. Slik vert stemma til barna høyrde, og områda dei set pris på kan varetakast og vidareutviklast.

Sjå vedlegg for barnetrakk i Ulstein.



## 2.4. Inkludering

God inkludering handlar om å gi alle dei same moglegheitene til å ta del i samfunnet, uavhengig av alder, økonomi, funksjonsevne, sosial- og etnisk bakgrunn.

Eit universelt utforma transportsystem er ein naudsynt føresetnad for at personar med fysiske funksjonsnedsettingar skal ha tilgang til sikker og attraktiv transport.

Flyktingtenesta står ansvarlege for busetting og oppfølging av flyktingar, med mål om at dei skal verte aktive deltakarar i lokalsamfunnet i Ulstein.

## 2.5. Tidleg innsats

Gjennom helsefremjande og forebyggjande aktivitetar i heile livsløpet til eit menneske, kan vi sikre at alle får høve til å leve eit så godt liv som mogleg.

Godt trafikktryggingsarbeid handlar mellom anna om den einskilde sine evne til å ta gode val for seg sjølv og dei rundt seg. Dette er arbeid som startar allereie i barnehagealder og følger barn og unge gjennom heile utdanningsløpet, der dei får høve til å utvikle evne til refleksjon, risikoforståing, ta andre sitt perspektiv og til å samarbeide. Dette er ferdigheiter som er med på å utjamne sosiale skilnadar og som er avgjerande for korleis menneske meistrar liva sine.



Aldersvennlige lokalsamfunn



Universell utforming + Lokal kunnskap + Medvirkning = Aldersvennlige lokalsamfunn

### ALDERSVENNLEG SAMFUNN

Ulstein kommune er med i nettverk for aldersvennlige lokalsamfunn. Det handlar om å gjere samfunnet i stand til å møte utfordringane og moglegheitene knytt til ei aldrende befolkning.

Fleire sektorar må verte involvert, og medverknad må vere i fokus for at eldre skal kunne delta i samfunnet.

I Ulstein har vi etablert uttrykket "300-metersbyen" som går ut på at vi skal fortette i Ulsteinvik sentrum. Innanfor ein radius på 300 meter skal du kunne bu og leve og ha tilgang på det du treng av butikkar, legesenter, kulturfasilitetar og kollektivtransport.



# 3. MÅLOMRÅDE

Hovudmålet er å gjere Ulstein til ein meir trafikksikker kommune å ferdast i for alle alders- og brukargrupper. Ein samordna trafiktryggingssplan i Ulstein kommune har som mål å etablere eit varig tverrfagleg samarbeid. Med bakgrunn i dette er det sett opp langsiktige mål for arbeid med trafiktrygging og vegforvaltning i Ulstein kommune:

- ingen drepne eller hardt skadde i trafikken
- eit trygt, godt og tenleg vegnett for alle brukargrupper
- stimulere til meir fysisk aktive innbyggjarar
- dei tekniske eigenskapane til vegnettet skal takast vare på slik at levetida til vegane og funksjonane er tilfredsstillande for alle grupper

### Tiltak for å nå måla:

- a. Avsette årlege midlar i budsjettet til utbygging av gang- og sykkelvegnett på dei mest trafikkbelasta vegstrekningane i kommunen
- b. Fokusere på trafikantåtferd og haldningsskapande arbeid både blant barn, elevar, føresette, tilsette med tenestebilar og andre som er trafikantar til fots eller i køyretøy
- c. Fokusere på trafiktryggleik i all arealplanlegging. Med dette er det meint at omsynet til trafikksikker skuleveg på heile strekninga frå heimen til skulen må verte vurdert
- d. Ulstein kommune skal verte godkjent som [Trafikksikker kommune](#) i løpet av planperioden
- e. Etablere hjartesone rundt alle skulane i kommunen i løpet av planperioden

# 4. SITUASJONSBILDE

Den nasjonale trenden, grovt sett, er at talet på trafikkuulykker går ned, trass i auke i talet på innbyggjarar, og større biltettleik per person.

Internasjonalt er Noreg verdas mest trafikksikre land, men det finst like fullt stort forbetringspotensial.

Ulykkesstatistikken frå 2015 til 2021 viser at det var berre i 2015 Ulstein kommune greidde å nå nullvisjonen med 0 drepne og 0 hardt skadde og berre 2 lettare skadde. Elles har det vore stort sett jamt 0 eller 1 drepne og 1 hardt skadd, bortsett frå i 2020, der det var 6 hardt skadde. Lettare skadde personar ligg i snitt rundt 7 personar årleg. Over 80 prosent av ulykkene skjer på fylkesvegane våre, der farta er høgare og det er meir trafikk. Det er flest møteulykker og det er desse som tek flest liv eller fører til personskadar.



År	Drepne	Hardt skadde	Lettare skadde	Totalt
2021	1	1	6	8
2020	1	6	9	16
2019	0	1	7	8
2018	1	1	11	13
2017	0	1	7	8
2016	0	1	10	11
2015	0	0	2	2
Sum	3	11	52	66

Tabellen til venstre viser dødsulykker og andre ulykker med personskade som er meldt til politiet. Det har vore 33 menn og 33 kvinner som har vorte skadd eller drepne i perioden. Det er flest i aldersgruppa 15–20 år.

Tabell: Trafikkulykker med personskade i Ulstein, Statens vegvesen 14. juni 2022.

# 5. PRIORITERING

I tiltakslista i førre trafikktryggingssplan er fleire tiltak gjennomført, som gang- og sykkelveg frå Hasund skule til Kleven verft, gang- og sykkelveg frå Halseneset til Skeide, fortau i Petterbakken, fleire busskur og sykkelskur, i tillegg er det etablert rundt 115 nye veglys.

Nokre av tiltaka frå førre planperiode har ikkje vorte gjennomført, til dømes fortau langs Bakkegata og Støylesvingen.

Heile tiltakslista frå førre plan ligg som vedlegg. Kart som viser tiltaka ligg som vedlegg, og på denne nettsida: <https://kommunekart.com/klient/ulstein/trafikktrygging>.

## 5.1. Tiltaksliste

Tabellen til høgre viser konkrete tiltak kommunen vil jobbe for i komande planperiode.



*\* Summen skal delast 50/50 med fylkeskommunen dersom kommunen får innvilga støtte etter søknad om tilskot.*

Pri.	Område	Tiltak	Kostnad (ca. tal)
1	Ulsteinvik barneskule/ ungdomsskule (UUS)	Tryggare trafikkavvikling – skilting og merking p-plass UUS, gjerde mellom Skulevegen og skuleområdet	150 000
2	Støylesvingen	Fortau	1 100 000
3	Fv- 5884 Sundgotvegen	Gang- og sykkelveg frå Hasundkrysset ned til Hasundvegen, inkludert lys	1 500 000 *
4	Haddal/Ringstaddalen	Fortau frå skulen til gangbru over Haddalselva	1 900 000
5	Fv. 61 Garnesvegen	Gang- og sykkelveg Garnes til Dragsundbrua	Fylkeskommunen
6	Bakkegata	Fortau mellom Reiten og barneskulen/ ungdomsskulen	14 000 000
7	Joelvavegen	Gang- og sykkelveg frå fylkesvegen og fram til Joelva-feltet	900 000
8	Hovsetråsa	Fortau langs Hovsetråsa frå kryss mot Støylesvingen og forbi Hovsetlia	800 000
9	Fv. 5882 Fløvegen	Gang- og sykkelveg Ivagarden-Gåsneset	8 700 000*
10	Fv. 5884 Dimnøyvegen	Gang- og sykkelveg frå Hasund skule til Gjerdsbakkvegen	5 600 000*
11	Skulevegen– Ulsteinvik barneskule	Oppgradere i samsvar med reguleringsplan	10 000 000
12	Haddalvegen	Breiddeutviding Haddalvegen v/brua til kryss Ringstaddalen + gangbru	Veg: 750 000 Bru: 2 500 000
13	Fv. 5882 Fløvegen	Gang- og sykkelveg Vonheim–Flø skule	1 000 000
	Ulstein ungdomsskule	Tak over sykkelparkering ved ungdomsskulen	500 000
	Ytre Haddal v/fv. 653	Busskur i busslomma sørgående retning	150 000
	Ulstein	Busskur ved Ivagarden, Kolbeinhaugane, Gåsneset	450 000
	Dimna	Nye busskur ved Tueneset, Vågane, Støylen, Ytre-Dimna	600 000
	Eiksund	Busskur Johanmarka	150 000
	<b>ÅRLEGE DRIFTSTILTAK</b>		
	Veglys	Nye anlegg	200 000
	Fartsdempande tiltak	Fartshumpar, rumlefelt m.m.	100 000

## 5.2. Tiltak fylkesvegar

Fylkeskommunen både rår over og er ansvarleg for å utføre arbeid ved fylkesvegane i Ulstein kommune. Ulstein kommune kan kome med innspel om kva for tiltak som bør prioriterast.

Nokre av desse tiltaka er ganske kostnadskrevjande og må finansierast av fylkeskommunen i sin heilskap, som ny Dragsundbru. Medan andre tiltak er mindre og kan delfinansierast med kommunen.

Desse ligg også inne i prioriteringslista på førre side.

**Ulstein kommune si prioriterte liste over tiltak som bør utførast i denne planperioden:**

Pri.	Veg	Tiltak
1	Fv. 653	Oppgradering av Selvågtunnelen
2	Fv. 61	Ny kryssløysing ved UVS og Saunesmarka
3	Fv. 61	Utbetre Hasundkrysset mtp. tryggleik for busspassasjerar og bilistar
4	Fv. 61	Ny Dragsundbru
5	Fv. 5884	Gang- og sykkelveg frå Hasundkrysset ned til Hasundvegen, inkludert lys
6	Fv. 61	Gang- og sykkelveg frå Garnes til Dragsund, og busslommer med skur
7	Fv. 5882	Gang- og sykkelveg frå Ivagarden til Gåsneset
8	Fv. 5884	Gang- og sykkelveg frå Hasund skule til Gjerdsbakkvegen
9	Fv. 5884	Utviding av veg for å etablere snuplass for buss ved Hasund skule
10	Fv. 5884	Busstur ved Vågane, Støylen, krysset ved Ytre Dimna
11	Fv. 5882	Busstur ved Ivagarden, Gåsneset, Kolbeinhaugane
12	Fv. 61/5882	Betre gatelys langs Sjøgata, spesielt ved gangfelta
13	Fv. 61	Gang- og sykkelveg frå Strandkrysset opp mot innkøyring til Holvekerdalen langs fv. 61, inkludert lys
14	Fv. 61	Ny kryssløysing ved Glopen, i tillegg til gangveg
15	Fv. 5882	Fartsgrense 50 km/t frå Roppane til Flø feriesenter



# 6. HALDNINGSSKAPING

Uansett kor mykje kommunen gjer for å trygge vegnettet, er det opptil kvar einskild trafikant å gjere sin del for å unngå ulykker. Det er difor viktig å drive arbeid for å skape gode haldningar som gir trygg ferdsel.

Målretta arbeid gjennom heile utdanningsløpet har som mål å ruste barn og unge til å verte ansvarlege menneske som tek gode og etiske val. Det er også viktig å drive haldningsskapande arbeid for vaksne.

Satsingsområde	Tiltak	Ansvarleg
Kommunen si rolle som barnehageeigar/ tilsynsmynde	Følgje opp forpliktingane i Trafikksikker kommune – godkjenning/regodkjenning av barnehagane	Kommunedirektøren/ kommunalsjef oppvekst og kultur/styvar
	Trygg ferdsel i trafikken er integrert i det pedagogiske arbeidet og nedfelt i årsplanane i barnehagane (jamfør forpliktingane i Trafikksikker kommune)  Dette gjeld også dei private barnehagane, som etter eige ønske kan delta i godkjenninga	Kommunalsjef oppvekst og kultur  Private barnehagestyvarar
	Stort fokus på å bruke refleks	Kommunalsjef oppvekst og kultur
Kommunen si rolle som skuleeigar	Følgje opp forpliktingane i Trafikksikker kommune – godkjenning/regodkjenning av skulane	Kommunedirektør/ kommunalsjef oppvekst og kultur/ rektor
	Trygg ferdsel i trafikken er integrert i opplæringa i skulen og arbeidet er nedfelt i skulane sine lokale læreplanar (jamfør forpliktingane i trafikksikker skule)	Kommunalsjef oppvekst og kultur
	Etablere hjartesone rundt skulane inkl. haldningsskapande kampanje – felles for alle skulane	Kommunalsjef oppvekst og kultur/ rektor/FAU
Kommunen som ansvarleg for helse og trivsel	Helsestasjonen skal ha fokus på sikring av barn i bil, og spesielt på at barn sit vendt bakover til dei er om lag fire år	Kommunalsjef helse og omsorg
	Rehabiliteringstenesta skal gi opplæringstilbod til brukarar som ferdast i trafikken med elektrisk rullestol	Kommunalsjef helse og omsorg
	Helse- og omsorgstenesta skal ha merksemd på korleis helsetilstanden til brukarane påverkar evna som trafikant	Kommunalsjef helse og omsorg
	Fokus på trafikksikkerheit i opplæring for flyktningar og innvandrarar	Kommunalsjef oppvekst og kultur/ leiar IMU

<b>Kommunen sitt ansvar innan kultur og fritid</b>	Stimulere lag og foreiningar til å gjennomføre sikker transport av barn til og frå idretts- og fritidsaktivitetar (køyretøy, sjåfør)	Kultursjef
	Gjere organisasjonar, lag og foreiningar kjende med statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar innan trafikktryggleik	Kultursjef
<b>Kommunen som vegeigar</b>	Universell utforming av vegsystem m.m. i alle kommunale utbyggingsprosjekt	Kommunalsjef teknisk
	Sikre godt sommar- og vintervedlikehald av gang- og sykkelveggar	Kommunalsjef teknisk
	Gjennomføre barnetrakkregistreringar kvart 4. år og kartlegge særleg farleg skuleveg	Kommunalsjef teknisk
	Oppmode innbygarane om å sikre fri sikt i vegkryss	Kommunalsjef teknisk
	Ha oversikt over og søke om trafikktryggingmidlar	Kommunalsjef teknisk
<b>Kommunen som arbeidsgivar</b>	Ta i bruk e-læringskurs i trafikktryggleik og HMS for alle tilsette i Ulstein kommune	Kommunalsjefar
	Oppmode alle kommunale einingar om å markere den årlege refleksdagen og dele ut refleks til alle tilsette	Kommunalsjefar
	Ha implementert eit fokus på trafikktryggleik i retningslinjene for tilsette som bruker bil i tenesta	Kommunalsjefar
	Fokus på bruk av bilbelte, både i bil og buss	Kommunalsjefar
	Sette AKAN (Arbeidslivets kompetansesenter for rus og avhengighet) på dagsorden	Personalleiar
	Påverke alle tilsette til å ferdast i trafikken med minst mogleg risiko	Kommunalsjefar
	Engasjere ungdomsrådet, eldrerådet, barnerepresentant med fleire, i sambandmed reguleringsplansaker der trafikktryggleik er tema	Kommunalsjef teknisk
<b>Innkjøp av tenester m.m.</b>	Krav om trafikksikker åtføring innarbeidast i dokumenta ved utlysing av anbod (transport, veg- og vedlikehaldstenester)	Kommunalsjefar/ innkjøpsansvarleg
	Vurdere alkohol ved kjøp eller leasing av nye kommunale bilar	Kommunalsjefar/ innkjøpsansvarleg
	Stille krav om 3-punktsbelte og nok sitteplassar til alle ved leige av bussar til kommunal transport	Kommunalsjefar/ innkjøpsansvarleg
<b>Organisatoriske tiltak</b>	Bli godkjent som trafikksikker kommune	Kommunedirektør
	Trafikktryggleik skal vere eit årleg tema i arbeidsmiljøutvalet i kommunen	Arbeidsmiljøutvalet
	Engasjere ungdomsrådet, fellesrådet m.fl. i trafikkstryggingarbeidet, gjennom dialogmøte m.m	Kommunalsjef teknisk
	Sjå trafikktryggleik i samanheng med andre kommunale planar	Kommunedirektør/ Planforum

# 7. SLUTTORD

Trafikktryggingssplanen skal vere eit oppslagsverk om temaet, men også eit styringsverktøy med ei tiltaksliste som skildrar kva tiltak som skal verte prioritert i åra framover. Nokre av tiltaka er små og enkle, medan fleire av tiltaka krev ei viss investering. Ved å vedta ein plan med ei slik tiltaksliste viser kommunestyret at dei set fokus på trafikktrygging, og vil prioritere dette i komande budsjett og økonomiplanar. Dette er heilt avgjerande for å nå trafikktryggingssmåla. I tillegg er arbeidet som vert gjort av tilsette i kommunen og innbyggjarane i Ulstein, det som saman skaper eit trygt, godt og tenleg trafikkbilde i kommunen.



# 8. FØRINGAR

## Statlege og regionale føringar

- Folkehelselova
- Vegtrafikklova
- St.meld. nr. 40 Trafikksikkerhetsarbeidet – samordning og organisering
- Nullvisjonen
- Nasjonal transportplan 2022-2033
- Barnas transportplan
- Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på vei 2022-2025
- Fylkesstrategi for samferdsel 2021-2024
- Trafikksikker kommune
- Fylkesplan for berekraftsfylket 2021-2024
- Nasjonal gåstrategi
- Nasjonal sykkelstrategi
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging
- Statens vegvesens normaler, retningslinjer og veiledere

## Kommunale føringar

- Kommunal planstrategi
- Kommuneplanens samfunnsdel
- Kommuneplanens arealdel

# 9. VEDLEGG

1. Kart over tiltak
2. Liste over driftstiltak
3. Barnetrakkplakatar frå dei ulike skulekrinsane
4. Ulykkesstatistikk for Ulstein kommune
5. Ulykker med personskade fordelt på månad
6. Kvar kjem dei som er involverte i ulykker frå?
7. Kven er det som er i ulykker?
8. Ulykkestyper
9. Prioriteringsliste tiltak på veg frå førre plan, godkjend 2016



ULSTEIN KOMMUNE

Postboks 143

6067 Ulsteinvik

Tlf. 70 01 75 00

[www.ulstein.kommune.no](http://www.ulstein.kommune.no)

[facebook.com/ulsteinkommune](https://facebook.com/ulsteinkommune)

[instagram.com/ulsteinkommune](https://instagram.com/ulsteinkommune)

**Illustrasjoner:** Side 2, 4, 7 (ungdom på rullebrett), 8 (to kvinner), 9, 10 og 11: [Tegneren.no](http://Tegneren.no). Side 1, 3, 14 og 15: [Pixabay.com](http://Pixabay.com).